



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
16/3928	07.03.2017	60648/2017/L20	Johnny Loen, 71 28 02 43	18.05.2017

## Kart- og planforskrifta - endringar i oppstartfasen av planar - fråsegn til høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Vi ga fråsegn til revidert kart- og planforskrift seinast i mars 2017. Dei nye endringane departementet no foreslår, vart sendt på høyring få dagar før fristen på forrige høyring gikk ut. Det er undervegs også vedtatt endringar i plan- og bygningslova som ikkje er iverksett enno. Vi tolkar dette slik at forskriftsrevisjonen ikkje heilt har vore i fase med revideringa av heimelsgrunnlaget for forskrifta (pbl), noko som etter vår vurdering er uheldig.

I oversendingsbrevet no, er ingen referansar til forskriftsrevisjonen som vart igangsett tidlegare. Vi ber om forståing for at dette skaper visse utfordringar med å halde oversyn over alle endringar og forslag, iverksettingsdatoar m.m. Vi føreset sjølvstakt at det til ei kvar tid ligg riktige dokument i lovdata.no, men desse referansane vert naturleg nok ikkje sjekka ut kvar dag.

Når dette er sagt, er vi samd med departementet i at det er behov for meir forpliktande signal tidleg, mellom private regulantar og kommune. Vår røynsle er at det kan vere svært stor forskjell på presisjonsnivået i oppstartvarsel, noko som sjølvstakt også gir ulike føresetnader for å vere konkret i tilbakemeldingane, både for forvaltningsetatane og for ålmenta. Dess meir konkret ein gjer greie for initiativa, dess betre er vilkåra for god og tidleg medverknad.

Til § I i forslaget har vi følgjande kommentar: Det er behov for å tydeleggjere eksplisitt at planarbeid har verknader utanfor sjølve planområdet. Omgrepet "influensområde" bør nyttast, til dømes i punkt f) som vi elles ikkje heilt presist ser innhaldet i. Kva meiner ein med "området" her? Er det planområdet eller også tilgrensande areal?

Vi har elles ikkje vesentlege merknader. § V er i samsvar med ein praksis vi gjennom fleire år har oppmoda til.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar